

ÅRSMELDING FOR STRANDA SOGELAG 2022

Styret har i perioden vore:

Velaug Vassbotn, leiar

Svein Parr

Fredmøy Wollen

Ola Ødegård

Marie Hjørungdal Lied

Varamedlemer:

Ola Lied

Arne Ringdal

Åse Helen Stadheim

Kjartan Lied

Oddvar Gausdal

Sekretær: Tordis Urke

Revisor: Sigmund Berge

Representant i styret for Hellesylt Bygdetun: Tor Arne Tryggestad

Sogelaget har dette året halde 5 styremøte og 43 saker er blitt handsama.

Medlemstalet var ved utgangen av året 360.

AKTIVITETAR

Årsmøte

Det vart halde årsmøte på Storfjord Kulturhus, Kalvehagen, 28.03.2022 kl. 19:00.

Leiar Velaug Vassbotn opna årsmøtet med å ønskje alle velkomne.

- Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.
- Velaug Vassbotn vart vald til møteleiar, Tordis Urke til referent, Svein Arne Furset og Reidun Helsem til å skrive under protokollen.
- Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.
- Årsrekneskapen vart godkjent utan merknader.
- Val av styremedlemer og varamedlemer. Valnemnda la fram si innstilling og følgjande vart valde ved akklamasjon :

Styret

Styremedlem: Velaug Vassbotn	2022-2024	attval
Styremedlem: Svein Parr	2022-2024	ny
Styremedlem: Fredmøy Wollen	2022-2024	attval
Styremedlem: Ola Ødegård	2021-2023	ikkje på val
Styremedlem: Marie Hjørungdal Lied	2021-2023	ikkje på val

Varamedlemmer:

Ola Lied	2022–2023	attval
Arne Ringdal	2020–2023	attval
Åse Helen Stadheim	2021-2023	ikkje på val
Kjartan Lied	2022-2023	ny (eitt år for Svein Parr)
Oddvar Gausdal	2021-2023	ikkje på val

Styreleiar: Velaug Vassbotn 2022-2023 attval

Valnemnd:

Inge Bjørdal	2021-2024	ikkje på val
Kåre Stadheim	2020-2023	ikkje på val
Anne Lise Lunde	2022-2025	attval

Revisor:

Sigmund Berge

2022-2023

attval

Etter at valet var avslutta, vart Harald Lied takka av for arbeidet i styret og som redaktør og skribent i Bygdeminne.

Kvelden vart avslutta med foredrag av Kjell Storeide som vaks opp på Stranda. Han har arbeidd meir enn 30 år i Stokkekonsernet. Han var invitert til å fortelje om Olivingruva i Røbbervika, spesielt om Georg Stokke sitt uthaldande arbeid for å få til gruvedrift her. Georg Stokke døydde 102 år gammal i 2013 nesten samstundes som gruvedrifta vart lagt ned.

Husflidsmessa 2022

Husflidsmessa vart gjennomført på Storfjord Kulturhus 29.10.2022. Sogelaget v/leiar deltok med ein stand med bøker til sals. Mykje folk var innom, men vi selde noko mindre bøker denne gongen: berre for 1100 kroner.

Kulturvelden 2022

Tysdag 8. november var mange sogelagsvener samla til Kulturveld på Kulturhuset. Hovudgjesten vår denne gongen var Anette Homlong Storeide. Ho er tilknytt Falstadsenteret i Trøndelag som forskar. Gjennom foredraget sitt formidla ho det brutale livet og terroren som fangane på Falstad opplevde. Ho presenterte namna på nokre av dei frå vårt distrikt som var på Falstad. Ein av dei var Martin Espehjelle frå Stranda. Falstadsenteret er no ein minnestad og eit nasjonalt senter for menneskerettar. Norsk digitalt fangearkiv 1940-1945 er no tilgjengeleg gjennom nettstaden Fanger.no

Kåre Stadheim presenterte så årets Bygdeminne med mykje spennande innhald. Dei som hadde møtt fram, fekk utdelt sitt eksemplar i matpausen. Kvelden vart avslutta med ein nyredigert film frå 2004 der Jan Dimmen intervju Oddbjørn Langlo, tidlegare leiar i sogelaget, med tilbakeblikk på liv og karriere. Oddbjørn Langlo døyde 21.07. 2004, berre kort tid etter at intervjuet vart gjort.

Administrative oppgåver

Alt tidleg i 2022 gjorde vår sekretær Tordis Urke det klart at ho no ynskte å avslutte jobben som sekretær og administrativ ansvarleg på sogelagskontoret så snart som råd. Ho har hatt oppgåva sidan 1. oktober 2015. Styret og spesielt leiar har prøvd å verve ein etterfylgjar, men utan hell. Difor har det drege ut å få ei avklaring og Tordis har stått i oppgåvene heile 2022. Tordis laga ei liste over alle oppgåvene ho har utført og som ein ny person i jobben bør overta. I november 2022 hadde leiar og sekretær møte med Rigmor Opsvik frå Øyna Regnskap der vi gjekk gjennom nokre av punkta. Ho har sagt seg villig til å overta ein del oppgåver frå 01.01.23. Andre prioriterte oppgåver vil bli fordelt mellom styremedlemene inntil vidare.

Heimesida til Stranda Sogelag**Facebook-sida: Stranda Sogelag – GAMLE FOTO**

Lars-Thørner Woie har fullført arbeidet med å legge om heimesida med nettbutikk. Styret har engasjert han også utover august 2022 for ein fast sum i månaden til å drifta sida og netthandelen. Elles prøver vi å gjøre heimesida og Facebook-sida gjensidig avhengig av kvarandre. Boksalet har ikkje vore så stort som vi kunne ynske, men med ein liten oppsving i november og desember. Mange legg ut gamle bilde på Facebook-sida og vi trur at mange set stor pris på slike bilde og informasjonen om dei. Vi har av og til vore plaga av useriøse innlegg frå ukjende og det vi kan kalle spam. No har administratorane endra innstilling til Privat og det har blitt betre.

Bygdeminne 2022

Bygdeminne 2022 var nr. 39 i rekjkja og hadde eit opplag på 600. Sidetalet var 135, av desse 116 sider med redaksjonelt stoff og resten med annonsar frå lokale bedrifter og informasjon frå sogelaget. Redaksjonen har vore Kåre Stadheim (redaktør) og Arne Inge Tryggestad (grafisk arbeid). Ei skrivegruppe hjelper den ansvarlege gruppa med å digitalisere stoff som er innlevert til redaksjonen. Også dette året har Signy Mork, Anne Lise Lunde og Lars Jakob Skarbø vore med i gruppa. Sogelaget er svært takksame for dei trufaste leverandørane av stoff til Bygdeminne og for nokre nye. Produksjonskostnadane har gått mykje opp dette året. Utan annonsar frå lokale sponsorar, hadde vi vore ille ute.

Foto- og filmregistrering

Dette året har det ikkje vore felles samlingar for dei som er med i fotoregistreringsgruppa, men dei fleste har arbeidd på eiga hand med tidlegare tildelte oppgåver. Kåre Stadheim er leiar av fotogruppa. Lars Jakob Skarbø har også dette året utført digitalisering og redigering av levande film. Han har funne fram og redigert på ny filmskattar frå tidlegare år. Nye filmprosjekt med intervju av personar i lokalmiljøet, er ikkje avslutta.

Bokprosjekt

Upubliserte dikt av lokale diktarar frå kommunen. Ein komité med Asbjørn Tryggestad(leiar), Ola Lied, Fredmøy Wollen og Marie Hjørungdal Lied er framleis i arbeid. Det har vore liten respons så langt trass i at Asbjørn la ut innlegg på ulike Facebook-grupper med etterlysing av dikt. Hausten 2022 (21.10.) var gruppa i tillegg til leiar samla på sogelagskontoret til diskusjon rundt temaet: *Vegen vidare*. Det var semje i gruppa at utifrå responsen så langt, var det ikkje grunnlag for å publisere ei trykt samling med det materialet ein til då hadde. Det kunne vere aktuelt med alternativ publisering av allereie innkomne dikt og nye dikt som eventuelt kom inn seinare, til dømes i «*Bygdeminne*» og/eller på heimesida. Dette måtte sjølvsgart gjerast i samråd med etterkomrarar. I alle høve bør allereie innkomne dikt arkiverast både fysisk og elektronisk hos Stranda Sogelag.

Berge trevarefabrikk

Styret i venneforeininga har vore Roger Arne Furset , Ivar Berge og Sverre Drege . På styremøte i sogelaget 30. mai vart Svein Parr vald til styret i staden for Erling Hagebakk, som døydde 8. januar 2022. Det har vore liten aktivitet i venneforeininga også dette året. Vi hadde planar om å «restarte» arbeidet i styret i haust, men vi prøver igjen til våren. Men Rolleiv Berge, som disponerer bankkontoen med avsette midlar, har teke ansvar. I desember meldte han at han har fått utført ein del arbeid som det er søkt om tilskot til hos Møre og Romsdal Fylkeskommune. Tilskotet vil eventuelt bli utbetalt i 2023.

Stranda sogelag sin vernepris 2022

No har verneprisen ikkje vore utdelt sidan 2020. Heller ikkje i 2022 har vi fått inn framlegg til kandidatar.

Økonomi

Rekneskapen for 2022 er avslutta med eit underskot på kr 52 595 ,- før finans og kr 42 130 ,- etter finans. Underskotet har samanheng med kostnad til opptrykk av *Ættebok for Stranda og Liabygda , Åboka*.

Stranda, 28.02. 2023

Velaug Vassbotn

Fredmøy Wollen

leiar

Ola Ødegård

Marie Hjørungdal Lied

Svein Parr